



Skien Dalen Skipsselskap AS

Kviteseid kommune

Eigarskapskontroll 2014 :: 400 003-2

Innhold

Samandrag	ii
1 Innleiing	1
1.1 Bakgrunn, formål og problemstillingar	1
1.2 Metode	1
1.3 Høyring	2
2 Fakta om selskapet	3
2.1 Eigarar og leiing	3
2.2 Selskapet sitt føremål	4
2.3 Økonomi, organisasjon og juridiske forhold.....	4
2.4 Offentleg innsyn, anskaffingar og offentlig støtte	6
2.5 Miljø	7
2.6 Styrets arbeid	7
2.7 Generalforsamlinga	9
2.8 Revisor	9
2.9 Framtidsutsikter – styrets handleplikt	10
3 Vurderingar av selskapet	11
3.1 Eigarar og leiing	11
3.2 Selskapets formål	12
3.3 Økonomi, organisasjon og juridiske forhold.....	12
3.4 Offentlig innsyn, anskaffingar og offentlig støtte	12
3.5 Styrets arbeid	13
4 Fakta om eigarskap i Kviteseid kommune	16
4.1 Har Kviteseid kommune etablert rutinar for eigaroppfølging og evaluering?	16
4.2 Blir vedtak og retningslinjer for utøving av eigarskap følgd?	16
4.3 Vurdering	18
5 Tilrådingar	19
Vedlegg	20

Foto framside: M/S Victoria. Bildet er tatt av Kåre. S. Pedersen, Bilde for bilde.

Samandrag

Bakgrunn for eigarskapskontrollen

Bakgrunnen for eigarskapskontrollen er kommunane sine planar for selskapskontroll 2012-2015, vedtatt av fylkestinget i Telemark fylkeskommune og kommunestyra i Kviteseid, Nome, Skien og Tokke. Kontrollutvala i eigarkommunane har bestilt ein ordinær eigarskapskontroll.

Metode

Eigarskapskontrollen er gjennomført i samsvar med bestilling frå kontrollutvala, kommunelova §§ 77 og 80, samt forskrift om kontrollutvalg §§ 13 og 14. Kviteseid kommune har ikkje svart på våre førespurnader om informasjon i samband med eigarskapskontrollen. Framstillinga bygger difor på opne kjelder, som til dømes kommunen si heimeside. Vi har også brukt informasjon som vi har fått frå kommunen i annan samanheng, og informasjon i samband med høyringa.

Det er utarbeidd eitt rapportdokument til kvar kommune, der del 1 til 3 om selskapet er lik i alle rapportane, og del 4 er om eigarskapsutøvinga i kvar eigarkommune. Del 5 er tilrådingar.

Om selskapet – Skien Dalen Skipsselskap AS

SDS si verksemd er i hovudsak i tråd med vedtektene og eigaren sine intensjonar. På bakgrunn av dei undersøkingane vi har gjort, er vår vurdering at styret i all hovudsak har sørnga for forsvarleg tilsyn med selskapet si daglege leiing og drift, jf. asl § 6-13.

Vi vil likevel kommentere følgjande:

- Selskapet sin eigenkapital var tapt allereie i 2010. I følgje aksjelova skal eigenkapitalen i eit selskap til ei kvar tid vere forsvarleg, jf. § 3-4. Eigenkapitalsituasjonen i SDS utløyser handleplikt for styret etter aksjelova § 3-5. Eigenkapitalsituasjonen har ikkje vore til særskilt handsaming, verken i 2011 eller 2012, og det har ikkje vore ekstraordinær generalforsamling i perioden. Etter vår vurdering er ikkje handleplikta til styret godt nok ivaretatt.
- Det blir rapportert på økonomi på kvart styremøte. Styret gir i 2014 sjølv uttrykk for at informasjonen om selskapet sin likvidsituasjon er tilfredsstillande, men at ein ønskjer betre generell rekneskapsinformasjon. Vi er einige i styret si vurdering, og meiner at styret er forplikta til å ha særleg fokus på eigenkapitalsituasjonen ut frå selskapet si økonomiske stilling.
- Styret og eigarane bør få vurdert driftstilskott, garantiar og anna støtte frå eigarane til SDS opp mot reglane om offentleg støtte, og sikre etterleving, dersom ein kjem til at reglene gjeld for selskapet.

- SDS bør vurdere å etablere etiske retningslinjer og registrere styreverva i Styrevervregisteret.
- Selskapet etterlever ikkje reglene i offentleglova og reglene om offentlege anskaffingar. Styret bør få avklart om selskapet er omfatta av disse reglane, og eventuelt treffe tiltak for å sikre at reglene følges.
- Protokoll frå generalforsamlinga viser at nokre representantar møter med skriftleg fullmakt frå aksjonær, mens andre (dei offentlege eigarane sine representantar) møter som aksjonærer. Selskapet opplyser at fullmakter er lagt fram og arkivert for alle møtande. Dette går ikkje fram av protokollen, jf. aksjeloven § 5-2 nr. 2.
- Styret og enkelte eigarkommunar opplyser at styremedlemmane ser til eigarskapet til «si» kommune, og orienterar «sin» eigar/eigarrepresentant ved behov. Etter vår vurdering gir denne ordninga uttrykk for ei rolleforståing og praksis som ikkje er i samsvar med grunnprinsipp i aksjelova, og særleg aksjelova § 6-28¹.

Om eigar – Kviteseid kommune

Kviteseid kommune har generelle rutinar for utøving av eigarskap. Det vil vere ein fordel om rutinar for utøving av eigarskap i selskap med fleire eigarar sikrar at det skjer samordning av eigarane sine forventningar til selskapet så langt som mogleg.

På fleire område er ikkje rutinane for eigarskap følgde når det gjeld eigarskapen i SDS i 2012 og 2013:

- Forventningar frå kommunen til selskapet er ikkje formidla til selskapet.
- Kommunen har ikkje vore representert på generalforsamlinga.
- Kommunestyret eller formannskapet er ikkje orientert om selskapet i 2012-2013. Etter vår vurdering burde kommunestyret særleg blitt orientert om eigenkapitalsituasjonen og føresetnadene om tilskott frå eigarane for at selskapet skal kunne halde fram drifta.
- Det er ikkje etablert strategiar for selskapet.
- Vi meiner at instruksjonen til styremedlem i eigarskapsmeldinga pkt. 4.4 kan vere i strid med aksjelova § 6-28.

¹ «Styret og andre som etter §§ 6-30 til 6-32 representerer selskapet, må ikke foreta noe som er egnet til å gi visse aksjeeiere eller andre en urimelig fordel på andre aksjeeieres eller selskapets bekostning.»

Tilrådingar

Vi tilrår at selskapet/styret:

- sikrar at selskapet til ei kvar tid har forsvarleg eigenkapital og at styret si handleplikt ved tap av eigenkapital blir ivaretatt
- vurderer om roller og ansvar for styremedlemmar er godt nok avklart og i samsvar med aksjelova,
- tar initiativ for å få vurdert om selskapet får lovleg offentleg støtte,
- får avklart om offentleglova og reglane om offentlege anskaffingar gjeld for selskapet, og sørger for at selskapet i så fall etterlever aktuelle krav,
- ser til protokollføring av skriftleg fullmakt for møtande i generalforsamling
- vurderer om selskapet skal ha etiske retningsliner og registrere styreverva i styrevervregisteret,
- ser til at fylkeskommunens og kommunane sin revisor får innkalling til generalforsamling, jf. koml. § 80

Vi tilrår at Kviteseid kommune

- saman med dei andre eigarane forsikrar seg om at selskapet sin eigenkapital er i samsvar med aksjelova § 3-4
- vurderer om eigarskapsmeldinga er godt nok i samsvar med aktuelle reglar og tilrådingar
- formidlar til selskapet at kommunen har eigarskapsmelding og kva forventningar kommunen har til selskapet, eventuelt samordnar kommunen sine forventningar til selskapet med dei andre eigarane
- er representert på generalforsamlinga og eigarmøte
- handsamar innkalling til generalforsamling og eventuelle andre viktige saker i kommunestyre eller formannskap, før handsaminga i selskapet sine organ

Skien, 23. mai 2014

Telemark kommunerevisjon IKS

Kirsti Torbjørnson
leiar for forvaltningsrevisjon

Berit M. Dalvik
leiar for rekneskapsrevisjon

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn, formål og problemstillingar

Kontrollutvalet i Telemark fylkeskommune har ved brev 22.08.12, jf. vedtak i sak 45/12, bestilt eigarskapskontroll² av Skien og Dalen Skipsselskap AS (SDS). Bestillinga bygger på Plan for selskapskontroll (2012-2015). Kontrollutvala i dei andre eigarkommunane har slutta seg til bestillinga.

Kontrollutvala har bestilt ein ordinær eigarskapskontroll, og vi vil svare på følgjande problemstillingar:

- Har kommunen etablert rutinar for oppfølging og evaluering av sine eigarinteresser?
- Blir kommunen sine eigarinteresser utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelle lovreglar og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?

Selskapet har både kommunale og private eigarar. Generalforsamlinga 17. april 2013 gav samtykke til at Telemark kommunerevisjon IKS får innsyn for å gjennomføre eigarskapskontrollen.

Kontrollen gjeld hovudsakeleg åra 2011-2013.

1.2 Metode

Eigarskapskontrollen er gjort i samsvar med kommunelova §§ 77 og 80, forskrift om kontrollutval §§ 13 og 14 og gjeldande rettleiar for selskapskontroll, fastsett av Norges kommunerevisorforbund.³

I rapporten presenterer vi noko informasjon om selskapet. Vi meiner at denne informasjonen kan vere med på å gi eit bilete av eigarstyringa av selskapet og om denne fungerer i praksis. Utover dette går ikkje kontrollen djupt når det gjeld styret sitt ansvar og selskapet si verksemd.

² Selskapskontroll er betegnelsen på kontroll rettet mot kommunens forvaltning av selvstendige rettssubjekter utenfor kommunen. Kontrollen kan være rettet mot forvaltningen av kommunens eierskap (eierskapskontroll) eller mot selskapets virksomhet (forvaltningsrevisjon i selskap).

³ Selskapskontroll - fra A til Å, Norges kommunerevisorforbund 11. mai 2011

Kriterier

Kriterier for vurderingane i rapporten bygger i hovudsak på følgjande kjelder:

- lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (koml)
- lov 13. juni 1997 om aksjeselskap (aksjelova)
- lov 16. juli 1999 og forskrift 7. april 2006 om offentlige anskaffelser
- lov 19. mai 2006 om rett til innsyn i offentlig verksemd (offentleglova)
- KS' anbefalinger for eierstyring⁴
- selskapet sine vedtekter og relevante kommunestyrevedtak
- eventuell eigarskapsmelding/strategi for den enkelte kommune/selskapet

Innhenting av informasjon

Kviteseid kommune har ikkje svart på våre førespurnader om informasjon i samband med eigarskapskontrollen. Førespurnadene er sendt til kommunen sitt postmottak. Framstillinga bygger difor på informasjon frå styret, administrasjonen i selskapet og opne kjelder, som til dømes kommunen si heimeside. Vi har også brukt informasjon som vi har fått frå kommunen i annan samanheng.

Informasjon er innhenta blant anna ved

- dokumentgjennomgang
- anmodning om eigenerklæring frå eigarrepresentantane
- anmodning om eigenerklæring frå styret
- intervju med dagleg leiar og styreleiar
- førespurnad til selskapet sin revisor

Rapporten fokuserer på negative funn. Det som er i orden blir som hovudregel ikkje omtala eller vurdert.

Vi meiner at metodebruk og kjeldetilfang i denne eigarskapskontrollen har gitt eit godt nok grunnlag til å svare på dei problemstillingane som kontrollutvala har vedtatt.

1.3 Høyring

Utkast til rapporten er sendt på høyring til selskapet sitt styre og daglege leiing, og til ordførar med kopi til rådmann. Vi har ikkje fått høyringssvar frå kommunen. Høyringssvar frå selskapet følgjer som vedlegg til rapporten. Høyringa har ført til enkelte endringar.

⁴ Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak, utgitt av KS, <http://www.ks.no/PageFiles/12559/19%20anbefalinger%20februar%202011.pdf>, utgitt i 2011. Tidligere utgitt av KS Eierforum.

2 Fakta om selskapet

SDS vart stifta 1.10.1992. Sidan den gong er vedtektene endra to gonger, sist i 2011.

2.1 Eigarar og leiing

Eigarar

Eigarar	Aksjar	Eigardel
Telemark fylkeskommune	19 000	26,87 %
Tokke kommune	8 900	12,02 %
Skien kommune	7 400	9,99 %
Nome kommune	6 100	8,24 %
Kviteseid kommune	6 040	8,16 %
Telemark Bilruter AS	9 516	12,85 %
Skien Næringsfond AS	8 393	11,33 %

Styret

Styrefunksjon	Styret valgt på ordinær generalforsamling 17. april 2013	Styret frå 2011-2012
Styreleder	Lars Nicolaysen (Ikke på valg i 2013)	Knut Einar Aas
Nestleder	Harald Orekåsa	Harald Orekåsa
Styremedlem	Sigvart Asle Lie	Sigvart Asle Lie
Styremedlem	Signy Gjærum	Signy Gjærum
Styremedlem	Lars Bjaadal	Lars Bjaadal
Styremedlem	Elisabeth Lid (Ikke på valg i 2013)	Frida Sviland
Første varamedlem	Arne Morten Knudsen	Lars Nicolaysen
Andre varamedlem	Dag Aanderaa	Dag Aanderaa
Tredje varamedlem	Gunnar Ruud	Gunnar Ruud

Styresamansetjing og val

Ifølge vedtektene skal ein valkomité innstille på val av styre til generalforsamlinga. Det er ikkje gitt føringar for styresamansetjing i selskapet sine vedtekter. Fleire av eigarane gir uttrykk for at dei største aksjonærane har styrerepresentasjon. Det går fram av protokoll frå generalforsamlinga at valkomiteen har innstilt til val av styremedlemmer. Valkomiteen si innstilling er ikkje grunngitt i sakspapira til generalforsamlinga.

Dagleg leiar

Dagleg leiar er Janne Lindgren, tilsett i 90 % stilling. Det går fram av note til regnskapet i 2012 at lønn til dagleg leiar er kr 431 200. Styret opplyser at lønna per 2013 er kr 492 000.

2.2 Selskapet sitt føremål

Selskapet sitt føremål går fram av vedtektene pkt. 3:

Selskapets formål er å drive turisttrafikk i Telemarksvassdraget og hva dermed står i forbindelse. Selskapet kan også ved aksjetegning eller på andre måter delta i andre selskaper.

SDS sin hovudaktivitet er passasjertrafikk på Telemarkskanalen med passasjerbåten M/S Victoria. I tillegg blir båten leigd ut til charterturar på kanalen og ut mot Breviksbrua. Selskapet har fram til 2012 drive restauranten om bord i båten, men denne drifta vart sett ut i 2012. Selskapets aktivitet skjer i konkurranse med andre aktørar, i og med at det er to andre selskap som trafikkerer kanalen.

Selskapet har en mindre eigardel i Visit Telemark AS.

Styret opplyser at det ikkje er gitt andre skriftlige strategiar eller føringar for selskapet frå eigarane enn vedtektene.

2.3 Økonomi, organisasjon og juridiske forhold

Organisasjon

SDS har fast tilsett daglig leder, i 90% stilling. I tillegg har selskapet fem midlertidig tilsette i sesongen. To av disse arbeider i selskapet på timebasis gjennom hele året.

Selskapet er skattepliktig og er registrert i merverdiavgiftsregisteret.

Leiinga stadfestar at selskapet følgjer reglane om helse, miljø og tryggleik. Vidare bekreftar leiinga at det ikkje er etablert relasjonar til nærstående gjennom tilsetjingar, avtalar eller anna samarbeid.

På spørsmål til styret om korleis forholdet til mulige nærstående og inhabilitet blir praktisert, svarar leiinga at forvaltningslova blir følgd.

SDS har ikkje etiske retningslinjer.

SDS er ikkje medlem av nokon arbeidsgivarorganisasjon.

Selskapet si økonomiske stilling

Nøkkeltall⁵

Alle tall i hele 1000	2012	2011
Resultatregnskap		
Salgsinntekter	3 851	5 348
Offentlige tilskudd	1 200	900
Sum driftsinntekter	5 051	6 248
Driftsresultat	143	-109
Årsresultat etter skatt	-14	-280
Balansen		
Omløpsmidler	477	283
Sum eiendeler	2 380	2 495
Innskutt egenkapital	3 703	3 703
Opptjent egenkapital	-4 151	-4 137
Sum egenkapital	-448	-434
Kortsiktig gjeld	499	355
Langsiktig gjeld	2 329	2 574
Sum gjeld og egenkapital	2 380	2 495
Likviditetsgrad 1	0,96	0,80
Egenkapitalandel i %	-18,82	-17,39
Gjeldsgrad	-6,31	-6,74

Avtalar og juridiske forhold

Vedtektene og offentlege register viser at selskapet sitt firma⁶ kan teiknast av to styremedlemmar i fellesskap, styreleiar og eit styremedlem i fellesskap eller dagleg leiar og

⁵ Formlar nytta ved berekning av nøkkeltall, sjå vedlegg 1.

⁶ Rett til å teikne selskapets firma er ei ubegrensa fullmakt til å representere/forplikte selskapet.

styreleiar i fellesskap. Dagleg leiar har prokura⁷ aleine. Styret opplyser at i praksis har dagleg leiar beløpsmessig avgrensa fullmakt til kr. 20 000. Dette er ikkje skriftleggjort gjennom instruks eller på annan måte.

Selskapet opplyser at dei har løyve frå Telemark fylkeskommune til passasjertransport på Telemarkskanalen.⁸ Dei tilsette om bord har sikkerheitskurs. Selskapet opplyser vidare at dei får fornya passasjersertifikatet ein gong pr. år av Sjøfartsdirektoratet, og at dei følgjer alle tilsyn frå Sjøfartsdirektoratet. SDS har intern revisjon på både kontoret og båten, minst ein gong pr. år. Dagleg leiar har HMS-kurs for leiarar og sikkerheitsstyringskurs for skip.

SDS har avtale om booking og marknadsføring med Visit Telemark AS. Det er inngått avtale om drift av restauranten om bord med ekstern drivar.

Dagleg leiar opplyser at SDS er forsikra når det gjeld fartøy, arbeidstakarar og passasjerar, og opplyser at alle polisar er betalt.

Etter styret sin kunnskap er det ikkje irregulære og/eller straffbare forhold i verksemda og selskapet har ikkje tvistar for domstolen eller andre pågåande konflikhtar.

2.4 Offentleg innsyn, anskaffingar og offentlig støtte

Dagleg leiar opplyser at selskapet driv næringsverksemd, og selskapet får offentlig støtte i form av tilskott til drift, garantiar og ettergiving av lån.

Offentleg innsyn

Selskapet har ikkje offentlig postjournal for inn- og utgåande korrespondanse. Styret opplyser at selskapet praktiserer stor grad av åpenheit. Selskap som hovudsakeleg driv næringsverksemd i konkurranse med andre og på same vilkår som andre, er ikkje omfatta av offentliglova. Andre offentlig eigde selskap er omfatta av lova, og pliktar å ha offentlig postjournal i samsvar med offentliglova. I eigarskapsmeldinga for Kviteseid kommune går det fram at selskap som kommunen er eigar i skal følgje offentliglova, jf. pkt. 4.2. Styret har ikkje vurdert om selskapet er omfatta av desse reglane tidlegare, men viser i høyringa til at selskapsforma AS gjer at selskapet ikkje er omfatta av offentliglova.

⁷ Prokura er ei uavgrensa fullmakt til å representere/forplikte selskapet, bortsett frå å selje eller pantsette fast eigedom, skip eller fly utan særleg fullmakt

⁸ Det er krav om løyve for persontransport med fartøy etter samferdselslova § 7. Det er fylkeskommunen som er styresmakt for slik transport, jf. samferdselslova § 13 nr. 2. Selskapskontrollen gjeld ikkje fylkeskommunen sitt mynde.

Anskaffingar av varer og tenester

Selskap med offentlig eigarskap (offentlegrettslege organ) som tener allmenta sine behov og ikkje er av forretningsmessig karakter, er omfatta av reglane om offentlig anskaffingar. Styret har ikkje vurdert om selskapet er omfatta av disse reglane. Dagleg leiar opplyser at selskapet alltid innhentar tre forskjellige tilbod ved større anskaffingar, dersom det er mogleg.

Offentleg støtte

Føretak som driv økonomisk aktivitet har avgrensa høve til å ta imot offentlig støtte til næringsverksemda, uavhengig av om føretaket er i privat eller offentlig eige. Vi har ikkje undersøkt kva vurderingar eigarane (støttegivarane) har gjort, knytt til reglane om offentlig støtte. Selskapet har ikkje vurdert om det er høve til å ta imot støtte frå eigarane innanfor reglane om offentlig støtte. Dersom selskapet får ulovleg offentlig støtte, er det ein økonomisk risiko for selskapet knytt til at ESA⁹ kan pålegge selskapet å betale ulovleg støtte tilbake til støttegivar. I tillegg er det ein omdømmerisiko knytt til å gi eller få ulovleg offentlig støtte.

2.5 Miljø

Styret opplyser at selskapet følgjer reglane for helse, miljø og tryggleik. SDS har eigen avviksrapportering til Sjøfartsdirektoratet og til Telemarkskanalen FKF (eigar av kanalen).

2.6 Styrets arbeid

Tilsyn med dagleg leiar og økonomirapportering

Styret har hatt fem-seks styremøter per år. Styret har handsama saker som rekneskap, budsjett, søknader om driftstilskott, saker om drift, vedlikehald og samarbeid med reiselivsaktørar. Det er utarbeidd instruks til dagleg leiar. Det går fram av styrereferata at det blir rapportert på økonomi i kvart styremøte, og «daglig leder informerer» er fast punkt på dagsorden.

I styresak 33/13 går det fram at styret er tilfreds med rapporteringa om selskapet sin likviditet, men ønsker meir informasjon om det generelle regnskapet. I styresak 02/14 går det fram at styret legger vekt på at selskapet har hatt en sunn, men ikkje sterk økonomi de siste to årene.

I styresak 18/13 går det fram at noen av eigarane ønsker at selskapet søker om tilskott på hausten, slik at søknaden om tilskott til selskapet kan kome med i kommunen si

⁹ ESA er EFTAs overvåkningsorgan

budsjetthandsaming. Det går fram av protokollen at styret har endra rutinane for å møte eigarane sine ønsker. Selskapet opplyser at dette er gjennomført i år.

Styret rapporterer til eigarane gjennom årsmelding og generalforsamling, og etter behov gjennom eigarmøter. Dersom det oppstår ekstraordinære saker, blir eigarane informert per brev. Selskapet har mellom anna sendt brev til eigarane om flaumsituasjon og dermed tapte passasjerinntekter våren 2013. Styret opplyser vidare at styremedlemmane følgjer opp eigarskapen, og at dei enkelte styremedlemmane orienterer sine eigarar ved behov.

Det går fram av årsmeldingane for 2011 og 2012 at selskapet sin eigenkapital er tapt. I styresak 02/12 kjem det fram at styret vil gjere greie for negativt *drifts*resultat på generalforsamlinga. Det går fram av protokollen frå generalforsamlinga at det vart gitt ei orientering frå dagleg leiar om drifta og utfordringane i selskapet, og at produksjonstilskott frå eigarane er budsjettert inn for 2013. Det er ikkje kalla inn til ekstraordinære generalforsamlingar i perioden.

Risikovurderingar

I styreprotokollane omtaler ein sporadisk forskjellige uønskte ytre hendingar som kan skje eller har skjedd, med uheldige konsekvensar for drifta av selskapet. Styret opplyser at det ikkje er gjort noko systematisk risikovurdering av verksemda med omsyn til drift, økonomi og mislegheiter. Selskapet meiner likevel at dei er kjende med og har tiltak knytt til typisk risiko og uønskte hendingar som kan inntreffe. Døme på dette er risiko for flaum og den latente risikoen det er å nytte ein gamal båt. Selskapet opplyser at risiko for mislegheiter knytt til kontantstraum er vurdert, og at ein meiner å ha gode tiltak og system for førebygging og kontroll.

Evaluering

I eigarskapsmeldingar og i tilrådingane frå KS, går det fram at ein bør gjere årlege evalueringar av kompetansen og arbeidet til styret. Styret opplyser at valkomiteen sett i gang ei evaluering av styret sitt arbeid i før generalforsamlinga. I den forbindelse evaluerer styret seg sjølv, og ser kva som finnest av kunnskap og kva som trengs dersom det skal veljast nye medlemmar. I tillegg tar valkomiteen kontakt med dagleg leiar for å høyre hennar vurdering. Det vert ikkje nytta nokon mal eller faste kriterier for evalueringa. Evalueringa går ikkje fram av styret sine protokollar eller i saksframlegg til generalforsamlinga.

Registrering av styreverv og styrevervforsikring

Styreverva er ikkje registrert i styrevervregisteret.

Selskapet har ikkje styrevervforsikring.

2.7 Generalforsamlinga

Det er halde generalforsamling innan fristen 30. juni både i 2012 og 2013. Innkallingane er sendt av dagleg leiar, på vegne av styrets leiar, og er datert 3-4 veker før generalforsamlinga.

Det går fram av protokollane frå generalforsamlinga kva aksjeeigarar som har møtt, og kor mange stemmer den enkelte frammøtte representerer, jf. aksjelova § 5-13.

Aksjeeigarane kan la seg representere ved fullmektig. Det må leggest fram skriftleg fullmakt, jf. aksjelova § 5-2 nr. 2. Protokollen viser at nokre representantar har lagt fram skriftlig fullmakt frå aksjonær, mens andre (representantane frå dei offentlege eigarane) har møtt som aksjonærer, slik at protokollen ikkje viser om dei har lagt fram skriftleg fullmakt.

Vedtak i sakene som vart handsama går fram av protokollen.

Kontrollutvalet er varsla om generalforsamlingane, men det er ikkje sendt varsel til fylkeskommunens og kommunane sin revisor, jf. kommunelova § 80 siste ledd.

Det er ikkje halde ekstraordinær generalforsamling i den perioden vi har undersøkt. Det er halde eigarmøte i mars 2012. Eigarrepresentantar frå Skien kommune og Nome kommune møtte, mens Telemark fylkeskommune, Kviteseid kommune og Tokke kommune melde forfall. Tema på eigarmøtet var mellom anna den økonomiske situasjonen og moglegheitene for støtte frå TUF og frå private aktørar. Dagleg leiar opplyser at det ikkje er halde eigarmøte i 2013, men at eigarane er informert om relevante saker ved brev og på generalforsamling.

2.8 Revisor

BDO AS har vore selskapet sin revisor i den undersøkte perioden. Selskapet sin revisor har gitt normale revisjonsberetningar for rekneskapsåra 2011 og 2012. Dette tilseier at intern kontroll, bokføring og regnskapsrapportering m.m. fungerer tilfredsstillande og at årsregnskapet er i samsvar med god rekneskapskikk. Selskapet sin eigenkapitalsituasjon er ikkje nemnt i revisjonsberetninga.

Revisor har vore på styremøte før generalforsamling og på generalforsamling. Styret opplyser at selskapet ikkje har mottatt nummererte brev frå revisor i 2011 og 2012. Det er sendt eit nummerert brev frå revisor i perioden, datert 25.5.2011. Det nummererte brevet handla om at nødvendig rekneskapsmateriale ikkje var stilt til rådvelde for revisor for interimrevisjon. Selskapet opplyser at det ikkje har vore slike hendingar knytt til rekneskapen

dei siste åra. Vi har ikkje fått informasjon om at revisor har utført rådgiving eller andre oppdrag for SDS.

Note til årsrekneskapen for 2011 viser at revisor fakturerte kr 33 000 eks meirverdiavgift for ordinær revisjon, og kr 67 000 eks meirverdiavgift for andre tenester frå revisor. Note til årsregnskapet for 2012 viser at revisor har fakturert kr 37 000 eks. meirverdiavgift for ordinær revisjon og kr 16 000 eks meirverdiavgift for andre tenester frå revisor.

2.9 Framtidsutsikter – styrets handleplikt

Framtidsutsikter - årsmeldinga

Selskapet har dei siste åra gått med underskott. Samla underskott for perioden 2010-2012 er kr 2 237 000. Likviditetsgraden i 2012 var 0,96. Anbefalt likviditetsgrad er over 1,5, og selskapets likviditetsgrad er dermed svært lav. Det går fram av rekneskapen for 2011 og 2012 at selskapet sin egenkapital er tapt.

Ifølgje rekneskapslova § 3-3 tredje ledd skal årsmeldinga opplyse om føresetnader for fortsatt drift av selskapet.

I årsmeldinga for 2011 går det fram at «Styret har fått klare forsikringer fra de største (offentlige) eierne om finansiell dekning av potensiell inntektssvikt samt for uforutsette reparasjonskostnader. På grunnlag av dette mener styret at forutsetningen for fortsatt drift er til stede.»

Eigenkapitalsituasjonen i 2012 er lite endra frå 2011. Styret skriv følgjande i årsmeldinga for 2012 om grunnlag for fortsatt drift: «Selskapets egenkapital er tapt og balanseregnskapet viser en negativ egenkapital på kr 448 432,-. Selv med negativ egenkapital finner styret at det er grunnlag for videre drift, men selskapet er avhengig av videre økonomisk støtte fra eierne i samme størrelse som 2012».

Styrets handleplikt

Det følger av aksjeloven § 3-4 at selskapet til ei kvar tid skal ha ein «forsvarlig» egenkapital. Dersom ein må tru at eigenkapitalen er lågare enn forsvarleg ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet, skal styret «straks behandle saken». Det same gjeld dersom ein må tru at selskapet sin egenkapital har blitt mindre enn halvparten av aksjekapitalen.

Handleplikta ved uforsvarleg egenkapital gjer at styret pliktar å treffe tiltak for å betre selskapet si økonomiske stilling. Dersom ikkje styret kan løyse selskapet sine økonomiske problem innan rimeleg tid, pliktar styret å kalle inn til (ekstraordinær) generalforsamling og

gi den ei orientering om selskapet si økonomiske stilling. Dersom selskapet sin egenkapital er under halvparten av aksjekapitalen, skal styret kalle inn generalforsamlinga, uavhengig av om egenkapitalen blir vurdert som forsvarleg eller ikkje.

Styret skal foreslå tiltak på generalforsamlinga for å rette på selskapet sin økonomiske situasjon. Dersom styret ikkje finn grunnlag for å foreslå tiltak for generalforsamlinga, eller dersom slike tiltak ikkje lar seg gjennomføre, skal styret foreslå å oppløyse selskapet, jf. aksjelova § 3-5 nr. 2. Brot på aksjelova § 3-5 kan føre til erstatningsansvar for medlemmar av sturet, jf. aksjeloven § 17-1, og etter omstenda straffeansvar, jf. § 19-1.¹⁰

Selskapet sin egenkapital var tapt allereie i 2010. Ordinær generalforsamling har ikkje hatt eiga sak om dette til behandling, verken i 2011 eller 2012. Det har ikkje vore kalla inn til ekstraordinær generalforsamling i perioden.

Eigenkapitalsituasjonen er omtalt i årsmeldinga for 2011, der det går fram at det er treft tiltak for å sikre fortsatt drift, ved forsikringar/garantiar frå eigarane. Det går ikkje fram kva tiltak ein foreslår for å betre eigenkapitalsituasjonen. I årsmeldinga for 2012 er det ikkje gjort greie for konkrete tiltak for å sikre fortsatt drift, men det går klart fram at det er nødvendig med tilsvarande tilskot til drifta som tidlegare år. Tiltak for å sikre selskapet ein forsvarleg egenkapital er ikkje nemnt i innkalling eller protokoll.

3 Vurderingar av selskapet

3.1 Eigarar og leiing

Styret er valt i samsvar med selskapet sine vedtekter. Det blir gitt uttrykk for at styremedlemmane skal sikre eigarane representasjon i styret. Det går ikkje fram av selskapet sine vedtekter at den einskilde eigar er sikra slik representasjon.

Styret opplyser sjølv at styremedlemmane ser til eigarskapen til «sin» kommune og orienterer «sin» eigarrepresentant ved behov, jf. pkt. 2.6. Etter vår vurdering gir ei slik ordning uttrykk for ei rolleforståing og -praksis som ikkje er i samsvar med aksjelova. Styremedlemmane representerer ifølge aksjeloven berre seg sjølv, og styremedlemmen skal ivareta selskapet sine interesser.

Det følgjer av aksjelova § 6-28 at styret og andre som representerer selskapet, ikkje må foreta seg noko som er eigna til å gi visse aksjeeigarar eller andre ein urimeleg fordel på bekostning av andre aksjeeigarar eller selskapet. Eit styremedlem har med andre ord ikkje

¹⁰ Aarbakke m.fl Kommentartutgave til aksjeloven (2012) s. 180 ff

høve til å gi informasjon til «sin» eigar, eller gjere andre disposisjonar til fordel for «sin» eigar på bekostning av dei andre eigarane. Styret meiner at roller og ansvar for styremedlemmer er godt nok avklart og i samsvar med aksjelova § 6-28.

3.2 Selskapets formål

SDS si verksemd er driven i tråd med føremålet i vedtektene og eigarane sine intensjonar med eigarskapen.

3.3 Økonomi, organisasjon og juridiske forhold

Økonomi

Selskapet er avhengig av driftstilskot frå eigarane. Selskapet har dei siste åra gått med underskot, men hadde positivt driftsresultat før skatt i 2012. Samla underskot for perioden 2010-2012 er kr 2 237 000. Eigenkapitalen er tapt. Likviditetsgraden i 2012 var 0,96. Tilrådd likviditetsgrad er over 1,5. Selskapet si likviditetsgrad er dermed svært lav.

Organisasjon og juridiske forhold

Det går fram av KS sine tilrådingar for godt eigarskap, at eigar bør sjå til at selskapsstyra utarbeider og jamleg reviderer etiske retningsliner for selskapsdrifta. Krav om etiske retningsliner går fram av eigarskapsmeldingar for eigarkommunane. Vi meiner at selskapet sitt styre bør vurdere å etablere etiske retningsliner for selskapet.

KS tilrår at selskap ved utskilling av verksemd til sjølvstendige rettssubjekt søker medlemskap i en arbeidsgivarorganisasjon. SDS har ikkje mange tilsette, og styret har i samband med høyringa vurdert at det ikkje er hensiktsmessig for SDS og eigarane at slikt medlemskap blir etablert.

3.4 Offentlig innsyn, anskaffingar og offentlig støtte

Offentleg innsyn

SDS er et sjølvstendig rettssubjekt der fylkeskommune/kommunar til saman har ein eigardel som gir meir enn halvparten av stemmene i generalforsamlinga, jf. offentleglova § 2 første ledd bokstav c. Det betyr at offentleglova i utgangspunktet gjeld for SDS.

I høyringa viser selskapet til at selskapsforma AS gjer at selskapet ikkje er omfatta av offentleglova. Selskapsforma har ikkje sjølvstendig betydning for dette spørsmålet. Også aksjeselskap som vert kontrollert av det offentlege kan vere omfatta av offentleglova, jf. offentleglova § 2 første ledd bokstav c. Det avgjerande er om selskapet i hovudsak driv næringsverksemd i konkurranse med andre og på same vilkår som andre. I så fall gjeld ikkje

offentleglova for selskapet. Etter vår vurdering driv ikkje selskapet på same vilkår som andre, i og med at det mottar omfattande økonomisk støtte. Styret bør få avklart om offentleglova gjeld for selskapet.

Anskaffingar av varer og tenester

Reglane om offentlege anskaffingar gjeld for offentlegrettslege organ. Eit offentlegrettsleg organ er ei verksemd som er organisert som eige rettssubjekt, til dømes eit aksjeselskap, og som står i eit nært tilknytingsforhold til det offentlege. Grunnen til at slike verksemdar er omfatta, er mellom anna at ein vil hindre at andre omsyn enn reint forretningsmessige kan påverke verksemda ved val av leverandørar. SDS er omfatta av reglane, dersom selskapet tener allmenta sine behov, og ikkje er av industriell eller forretningsmessig karakter. Styret bør få avklart om disse reglane gjeld for selskapet, og eventuelt treffe tiltak for å sikre etterleving.

Offentlig støtte

EØS-avtalen set skrankar for kva høve det er til å gi offentleg støtte til føretak som driv økonomisk aktivitet. Som hovudregel er det forbode å gi slik støtte. Forbodet omfattar ein kvar økonomisk fordel, både direkte pengeoverføringar og garantiar m.m. Det er gitt fleire unntak frå det generelle forbodet mot offentleg støtte, og det er knytt prosedyrekrav til støttetildelingar. Støttemottakar som får ulovleg offentleg støtte kan bli pålagt å betale tilbake støtta til støttegivar.

SDS trafikkerer Telemarkskanalen i konkurranse med andre aktørar. SDS får årleg driftsstøtte frå sine offentlege eigarar, og har tidligare også fått økonomiske garantiar og ettergitt lån frå eigarkommunane. Etter vår vurdering er derfor reglane om offentlig støtte relevante for SDS. Selskapet og støttegivarane (eigarkommunane) bør ha gjort vurderingar av om transaksjonane til selskapet er lovlig støtte, eller om transaksjonane er marknadsmessige investeringar frå eigarane si side.

I høyringa viser styret til at det er ein føresetnad for vidare drift av selskapet at det mottar produksjonstilskot. Styret ventar at den varsla eigarskapsstrategien avklarar desse spørsmåla.

3.5 Styrets arbeid

Tilsyn med dagleg leiar og økonomirapportering

Styret har ivare tatt tilsynsplikta med drift og dagleg leiing av selskapet gjennom regelmessige styremøte. Instruks til dagleg leiar og dagsorden på styremøta underbygger dette inntrykket.

Rapportering på økonomi har vore fast punkt på dagsorden på styremøta. Det har ikkje vore rapportert særskilt om selskapet sin eigenkapitalsituasjon frå dagleg leiar. Styret skal føre kontinuerlig tilsyn med eigenkapitalsituasjonen, særlig i ein situasjon der eigenkapitalen i følgje selskapet sin årsrekneskap har vore tapt. Vi kan ikkje sjå av styreprotokollane at styret har hatt fokus på eigenkapitalsituasjonen, sjå pkt. 2.9.¹¹

Framtidsutsikter – tapt eigenkapital - styrets handleplikt

Selskapets revisor har ikkje kommentert eigenkapitalsituasjonen, verken i nummerert brev til styret eller i revisors beretning.

Styret har etter det vi kan sjå ikkje hatt merksemd retta mot aksjelova § 3-5. I høyringsbrevet viser styret til at eigarane har blitt informert om at eigenkapitalen for selskapet har vore tapt i form av årsmeldingane og på generalforsamlingane. Vi er einige i at eigenkapitalsituasjonen går fram av årsmeldingane og årsrekneskapen, og at eigarane såleis er varsla der. Men vi meiner at styret si handleplikt i følgje aksjelova § 3-5 inneber krav om ei meir aktiv handtering frå styret si side. Etter vår vurdering har ikkje styret ivaretatt ansvaret etter aksjelova § 3-5 fullt ut.

Styret ber i høyringa om ei tilbakemelding på korleis styret skulle ha følgd opp eigenkapitalsituasjonen. Kravet i aksjelova er at styret «straks (skal) behandle saken» dersom ein har grunn til å tru at eigenkapitalen er lågare enn forsvarleg, eller dersom den er under halve aksjekapitalen. Styret skal finne tiltak for å rette opp eigenkapitalsituasjonen. Dersom det ikkje kan gjerast innan rimeleg tid, skal styret innkalle generalforsamlinga og gjere greie for den økonomiske stillinga i selskapet. Dersom eigenkapitalen ikkje er forsvarleg, skal styret foreslå tiltak for generalforsamlinga for å rette på dette, jf. aksjelova § 3-5 nr. 1. Dersom styret ikkje finn grunnlag for å foreslå tiltak, skal styret foreslå selskapet oppløyst, jf. aksjelova § 3-5 nr. 2. Vi meiner at ei konkret vurdering av om eigenkapitalen er forsvarleg og kva tiltak ein eventuelt må setje inn for å sikre at eigenkapitalen blir forsvarleg, burde vore løfta tydeligare fram for eigarane som eiga sak på generalforsamlinga, eller gjennom ekstraordinær generalforsamling.

Risikovurderingar

Selskapet driv med aktivitetar og utstyr som er sårbare for fleire ytre hendingar. Ulike uønskte hendingar som kan oppstå eller har oppstått er sporadisk nemnde i styreprotokollane. Selskapet opplyser at det ikkje er gjort systematiske risikovurderingar knytta til drift, økonomi og mislegheiter. Selskapet gir likevel uttrykk for kunnskap om og

¹¹Sjå nærare om styrets ansvar ved tapt eigenkapital i lovforarbeida: Ot. prp nr. 23 (1996-1997) om lov om aksjeselskaper s. 209 og Aarbakke m.fl. Kommentartutgave til aksjeloven (2012) s. 180 ff

beredskap/tiltak i forhold til større uønskete hendinger, som til dømes flaum og risiko knytt til MS Victoria. Ein har også fokus på mislegheitsrisiko knytt til kontantstraum i selskapet, og har tiltak for førebygging og kontroll.

Evaluering

I eigarskapsmeldingane frå fylkeskommunen og Skien kommune og i tilrådingane frå KS, går det fram at det bør gjerast årlege evalueringar av styrets kompetanse og arbeid.

Eigarskapsmeldinga for Skien kommune inneheld mal for slik evaluering. Styret og valkomiteen gjer ei årleg evaluering av styrets arbeid og kunnskapsbehov, men nyttar ikkje noko fast opplegg/faste kriterier eller sjekklister for evalueringa. Valkomiteen si innstilling er ikkje grunngitt, slik som KS tilrår. Vi tilrår å formalisere valkomiteen si evaluering i samsvar med eigarmeldingar og tilrådingar frå KS.

Registrering av styreverv og styrevervforsikring

KS tilrår at alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap bør registrere verva på www.styrevervregister.no. Dette er også omtalt i eigarskapsmeldingar frå eigarane. Vi tilrår at styremedlemmane registrerer verva sine i eigarskapsregisteret.

Vi tilrår at selskapet vurderer om ein bør ha styrevervforsikring.

4 Fakta om eigarskap i Kviteseid kommune

Vi har undersøkt følgjande om kommunen sitt eigarskap:

- Har kommunen etablert rutinar for oppfølging og evaluering av eigarinteressene sine?
- Blir kommunen sine eigarinteresser utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelle lovreglar og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?

Kviteseid kommune har ikkje svart på førespurnad om informasjon i samband med eigarskapskontrollen. Faktaframstillinga bygger såleis på informasjon vi har funne på kommunen si heimeside og informasjon vi har fått frå kommunen i annan samanheng.

4.1 Har Kviteseid kommune etablert rutinar for eigaroppfølging og evaluering?

Kviteseid kommune har eigarskapsmelding som vart handsama av kommunestyret i juni 2011.

I eigarskapsmeldinga gir kommunestyret generelle føringar for selskap dei er medeigar i, og for utøvinga av eigarskap. I pkt. 4.2 i eigarskapsmeldinga er det lista opp ti generelle prinsipp for Kviteseid kommune sitt eigarskap. Det går fram av pkt. 4.3 i meldinga at «styrerepresentantane har ansvar for at pkt. 1- 8 i dei generelle prinsippa blir gjort gjeldande i dei einskilde selskapa». Vi har ikkje informasjon om korleis kommunen ser til at innhaldet i eigarskapsmeldinga er kjend for styremedlemmene i selskap som kommunen er eigar av. Styret i SDS hadde ikkje kjennskap til prinsippa i eigarskapsmeldinga for Kviteseid.

Eigarskapsmeldinga inneheld krav om folkevaldopplæring og utbyttepolitikk.

SDS er ikkje særskilt omtala i eigarskapsmeldinga for Kviteseid kommune. Det går fram at kommunen skal gjere ein gjennomgang av eigarskap i konkrete selskap seinare. Dette er per februar 2014 ikkje gjennomført.

4.2 Blir vedtak og retningslinjer for utøving av eigarskap følgd?

Folkevaltopplæring

Kviteseid kommune hadde eigarskap som tema på køyreplanen for folkevaltopplæring i januar 2013.

Det går fram av eigarskapsmeldinga at Vest-Telemark rådet blir oppmoda til å halde kurs i styrearbeid. Vi har ikkje informasjon om denne oppmodinga er formidla til Vest-Telemarkrådet, eller om det er arrangert slike kurs.

Vedtekter, strategiar og vedtak

Styret i SDS er ikkje kjend med at Kviteseid kommune har eigarskapsmelding som gir føringar for selskapet. Vi kan ikkje sjå at eigar har vurdert om det er behov for å samordne kommunen sine forventningar i eigarskapsmeldinga med forventningar frå andre eigarar av selskapet.

Representasjon og delegasjon

Det går fram av eigarskapsmeldinga at ordførar er kommunen sin representant i generalforsamlinga, med mindre andre har fått særskilt fullmakt. Vi har ikkje fått informasjon om at andre har fått særskilt fullmakt.

Kviteseid kommune var ikkje representert på generalforsamlingane i 2012 og 2013. Kommunen var ikkje representert på eigarmøte i 2012.

Rapportering til kommunestyret

Det går fram av eigarskapsmeldinga at årsmeldingar frå dei viktige selskapa som kommunen er deleigar i skal leggjast fram som referatsak i formannskap og kommunestyre. Kommunen sitt medlem i generalforsamlinga skal så langt det er praktisk råd syte for at formannskapet får høve til å drøfte kontroversielle spørsmål før generalforsamling.

SDS sin egenkapitalsituasjon var slik i 2011 og 2012 at det er naudsynt med kapitaltilførsel frå eigarane for å kunne drive selskapet vidare i samsvar med aksjelova § 3-4 om forsvarleg egenkapital. Økonomisk stønad frå eigarane er også naudsynt for vidare drift, jf. årsmeldinga frå selskapet. Generalforsamlinga har lagt til grunn denne føresetnaden for fortsatt drift i handsaminga av årsmeldinga. Vi kjenner ikkje til om spørsmålet om stønad til selskapet var til handsaming i kommunestyret før generalforsamlinga.

Vi er ikkje kjende med om årsmeldingane frå SDS er lagt fram for kommunestyret som referatsaker. Vi har ikkje fått informasjon om i kva grad formannskap eller kommunestyret har handsama saker om SDS i 2012 eller 2013.

Krav til styremedlem

Det går fram av eigarmeldinga at alle deltakarar frå Kviteseid skal registrere verva sine i styrevervregisteret. Styremedlemene i SDS har ikkje registrert styreverva i registeret.

Det går vidare fram av eigarmeldinga pkt. 4.4 at «kommunen sin styrerepresentant» skal informere kommunen sin representant på generalforsamlinga om usemje i styret si

innstilling til generalforsamling, og syte for at eigarrepresentanten på førehand er kjent med argumenta i saka.

4.3 Vurdering

Kviteseid kommune har generelle rutinar for utøving av eigarskap. I mange tilfelle er kommunen eigar saman med andre. I slike høve er det viktig at eigarane sine ulike forventningar til selskapet blir samordna og avklart. Det vil vere ein fordel om rutinar for utøving av eigarskap sikrar at det skjer slik samordning mellom eigarane.

På fleire område er ikkje rutinane for eigarskap følgde når det gjeld eigarskapen i SDS i 2012 og 2013:

- Forventningar frå kommunen til selskapet er ikkje formidla til selskapet.
- Kommunen har ikkje vore representert på generalforsamlinga.
- Kommunestyret eller formannskapet er ikkje orientert om selskapet i 2012-2013. Etter vår vurdering burde kommunen særleg blitt orientert om eigenkapitalsituasjonen og føresetnadene om tilskott frå eigarane for at selskapet skal kunne halde fram drifta.
- Det er ikkje etablert strategiar for selskapet.

Instruksen til styremedlem i eigarskapsmeldinga pkt. 4.4 meiner vi etter omstenda kan vere i strid med grunnprinsipp i aksjelova, og særleg aksjelova § 6-28. I følgje instruksen i eigarskapsmeldinga skal «kommunen sin styremedlem» rapportere til eigarrepresentanten om argumentasjon knytt til usemje i styret. Ein styremedlem representerer ikkje eigar, men berre seg sjølv, og ansvaret er å ta i vare selskapet sine interesser, ikkje eigaren sine interesser. Det er knytt personleg ansvar til vervet som styremedlem. Eigar kan ikkje instruere styremedlemmer, men kan saman med dei andre eigarane byte dei ut. Det går fram av aksjelova at styret og andre som representerer selskapet, ikkje har høve til å gjere handlingar som kan gi visse aksjeeigarar eller andre ein urimeleg fordel til ulempe for andre aksjeeigarar eller selskapet. Instruksen i eigarskapsmeldinga kan etter omstenda vere i strid med grunnprinsippa for aksjeselskapsforma og regelen i aksjelova § 6-28.

5 Tilrådingar

Vi tilrår at selskapet/styret:

- sikrar at selskapet til ei kvar tid har forsvarleg eigenkapital og at styret si handleplikt ved tap av eigenkapital blir ivaretatt
- vurderer om roller og ansvar for styremedlemmar er godt nok avklart og i samsvar med aksjelova,
- tek initiativ for å få vurdert om selskapet får lovleg offentleg støtte,
- får avklart om offentleglova og reglane om offentlege anskaffingar gjeld for selskapet, og sørger for at selskapet i så fall etterlever aktuelle krav,
- sørger for protokollføring av skriftleg fullmakt for møtande i generalforsamling
- vurderer om selskapet skal ha etiske retningslinjer og registrere styreverva i styrevervregisteret,
- ser til at fylkeskommunens og kommunane sin revisor får innkalling til generalforsamling, jf. kompl. § 80,

Vi tilrår at Kviteseid kommune

- saman med dei andre eigarane forsikrar seg om at selskapet sin eigenkapital er i samsvar med aksjelova § 3-4
- vurderer om eigarskapsmeldinga er godt nok i samsvar med aktuelle reglar og tilrådingar
- formidlar til selskapet at kommunen har eigarskapsmelding og kva forventningar kommunen har til selskapet, eventuelt samordnar kommunen sine forventningar til selskapet med dei andre eigarane
- er representert på generalforsamlinga og eigarmøte
- handsamar innkalling til generalforsamling og eventuelle andre viktige saker i kommunestyre eller formannskap, før handsaminga i selskapet sine organ

Vedlegg

Vedlegg 1 – Formler for beregning av nøkkeltall

Vedlegg 2 – Eventuelle kommentarer til rapporten fra eiere(en)/selskapet.

Vedlegg 3 – KS anbefalinger for godt eierskap

Vedlegg 1: Formler benyttet ved beregning av nøkkeltall:

Resultatgrad i %	(Driftsresultat x 100) / Sum driftsinntekter <i>Resultatgraden er et mål på hvor stort driftsresultatet er i forhold til omsetningen.</i>
Likviditetsgrad 1	Sum omløpsmidler / Sum kortsiktig gjeld <i>Likviditetsgrad 1 måler bedriftens evne til å dekke betalingspliktene etter hvert som de forfaller. Likviditetsgrad 1 bør være større enn 1,5.</i>
Egenkapitalandel i %	(Sum egenkapital x 100) / Sum total kapital <i>Er et uttrykk for hvor stor del av eiendelene som er finansiert med egenkapital og dermed hvor mye av eiendelene som kan gå tapt før kreditorenes fordringer kommer i fare.</i>
Gjeldsgrad	Sum gjeld / Sum egenkapital <i>Gjeldsgraden viser hvor stor gjelda er i forhold til egenkapitalen. En gjeldsgrad på 1 vil si at bedriften har like stor gjeld som egenkapital. En kan si at jo mindre dette forholdstallet er, jo mer solid er bedriften.</i>
Totalrentabilitet i %	(Driftsresultat + finansinntekter) x 100 / Gjennomsnittlig total kapital <i>Totalrentabiliteten viser bedriftens avkastning på den totale kapitalen som er bundet i bedriften. Er altså et mål på avkastningen på selve eiendelene, og representerer et viktig nøkkeltall ved lønnsomhetsberegning.</i>

Vedlegg 2: Høyringsuttaler



Telemark Kommunerevisjon IKS

Postboks 2805

3702 Skien

Skien 28.04.14

Høringsuttalelse Eierskapskontroll Skien Dalen Skipsselskap AS.

Styret i selskapet behandlet utkastet i sitt møte 28.04.14 og vil komme med følgende kommentarer til rapportens anbefalinger til selskapet/styret.

- Treffer tiltak for å sikre at selskapet til enhver tid har forsvarlig egenkapital og styrets handleplikt blir ivaretatt.

Styret mener at eierne har blitt informert i form av årsmeldingene og på generalforsamlingene at egenkapitalen for selskapet har vært tapt. Mener Telemark Kommunerevisjon at dette skulle vært gjort på en annen måte, ber styret om å få en tilbakemelding på hvordan dette da bør behandles.

- Vurderer om roller og ansvar for styremedlemmer er tilstrekkelig avklart og i samsvar med aksjeloven.

Styret mener at roller og ansvar for styremedlemmene er tilstrekkelig avklart og praktiseres i henhold til aksjelovens §6-28.

- Tar initiativ for å få vurdert om selskapet mottar lovlig offentlig støtte.

Det er en forutsetning for selskapets videre drift at det mottar produksjonstilskudd. Styret forventer at den varslede eierskapsstrategien avklarer disse spørsmålene.

- Får avklart om offentliglova og reglene om offentlige anskaffelser gjelder for selskapet, og sørger for at selskapet i så fall etterlever aktuelle krav.

Styret mener at siden selskapsformen er et AS, faller heller ikke selskapet inn under offentliglova.

- Sørger for protokollføring av skriftlig fullmakt for møtende i generalforsamlingen.

Protokollføring av skriftlig fullmakt vil bli gjennomført fra og med generalforsamlingen i 2014.

- Vurderer om selskapet skal ha etiske retningslinjer og registrere styrevervene i styrevervregisteret.

Styrevervene vil bli registrert i styrevervregisteret.

- Vurderer om selskapet skal være medlem av en arbeidsgiverorganisasjon.

Styret kan ikke se at det er aktuelt nå.

- Sørger for at fylkeskommunens revisor og kommunenes revisor får innkalling til generalforsamling, jf. Koml. §80.

Fylkeskommunes og kommunenes revisor vil bli innkalt fra og med generalforsamlingen 2014.

Med vennlig hilsen

Skien Dalen Skipsselskap AS


Lars J. Nicolaysen

styreleder

Vedlegg 3: KS' Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/ fylkeskommunalt eide selskap og foretak

Nr. 1 Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalgte

- Kommuner bør som en del av folkevalgtopplæringen gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eierskapsseminarer for samtlige folkevalgte i de ulike aspektene knyttet til eierstyring av utskilt virksomhet. Den første opplæringen bør gjennomføres i løpet av de første 6 månedene av valgperioden og senere med oppfølging etter 2 år. Det anbefales at kommunestyret etter gjennomføring av generalforsamling, får forelagt en oversikt over status for selskapene.

Nr. 2 Utarbeidelse av eierskapsmeldinger

- Kommuner skal foreta en politisk gjennomgang av virksomhet som er organisert som selvstendige rettssubjekter eller interkommunale organer gjennom utarbeidelse av en eierskapsmelding. Eierskapsmeldingen bør gjennomgås og eventuelt revideres hvert år i kommunestyret. Eierskapsmeldingen skal følges av strategier og formål/ selskapsavtale for det enkelte selskap. Alt eierskap i selvstendige rettssubjekter skal fremgå på en klar og instruktiv måte i kommunens årsberetning. Interkommunale eierskapsmeldinger kan også utarbeides.

Nr. 3 Utarbeidelse og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter

Selskapets virksomhet skal tydeliggjøres i vedtektene/selskapsavtalen. Innenfor rammen av vedtektene/selskapsavtalen bør selskapet ha klare mål og strategier for sin virksomhet. Eierne skal ha et bevisst forhold til en eventuell forventet avkastning. For selskaper som opererer innenfor et marked skal prinsippene for en eventuell utbyttepolitikk klargjøres og deretter fremmes for eierorganet gjennom selskapsavtalen/vedtektene. Langsiktighet og samfunnsansvar bør legges til grunn for det kommunale/fylkeskommunale eierskap. Formålsangivelsen i selskapsavtale/vedtekter bør vurderes med jevne mellomrom for å se om det er behov for endringer.

Nr. 4 Vurderinger og valg av selskapsform

- Det er eiers ansvar å sikre en selskapsform som er tilpasset virksomhetens formål, eierstyringsbehov, markedsmessige forhold og konkurranseregelverket. Skal selskapet ta risiko og operere i et marked bør det etableres et selskap med begrenset ansvar. Der selskapet skal yte tjenester til eierne i egenregi kan både interkommunale selskap og foretak være hensiktsmessige former. Stiftelser er ikke anbefalt for virksomhet som krever eierstyring.

Nr. 5 Fysisk skille mellom monopol og konkurransevirkosomhet

Selskaper som opererer med konkurransevirkosomhet i tillegg til monopolvirkosomhet, bør som hovedregel skille ut virkosomheten for å unngå mistanke om muligheten for rolleblanding og kryssubsidiering. Organiseringen av konkurranseutsatt virkosomhet bør så langt mulig være ledelsesmessig, personalmessig og fysisk atskilt fra monopolvirkosomheten. Dette må være utgangspunktet, og oppfyller man ikkje dette må det være en bevissthet om hvorfor.

Nr. 6 Tilsyn og kontroll med kommunale foretak og med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper

Kommunestyret har både et tilsyns og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket etterlevs og at etiske hensyn ivaretas. Kontrollen utføres blant annet gjennom regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollutvalget er delegert denne funksjonen fra kommunestyret og har derfor en spesielt viktig rolle i eierstyringen.

Nr. 7 Sammensetning og funksjon til eierorgan

For aksjeselskap og interkommunale selskaper anbefales det at kommunestyret oppnevner politisk ledelse som selskapets eierrepresentanter i eierorganet. Eierutøvelsen skal speile kommunestyrets samlede/flertallsbeslutning. Det er sentralt at det opprettes en forutsigbar og klar kommunikasjon mellom eierorgan og kommunestyre i forkant av generalforsamling/representantskapsmøte.

Nr. 8 Gjennomføring av eiermøter

De formelle eiermøtene er enten generalforsamling eller representantskap, men det kan også innkalles til eiermøter i tillegg til disse.

Styret bør tilrettelegge for at flest mulig av eierorganets medlemmer kan delta i generalforsamling/representantskapet og at dette blir en effektiv møteplass for aksjeeierne og styret. Dette gjøres ved å følge lovens regler om innkalling, at saksdokumentene er utførlige nok til å ta stilling til sakene, at eierne som ikkje kan møte skal kunne stemme ved bruk av fullmakt (gjelder ikkje interkommunale selskaper), at styret, revisjon og valgkomité er tilstede samt rutiner for at eierorganet velger møteledelse.

Nr. 9 Eiers krav til profesjonelle styre i kommunal sektor

Det er eiers ansvar å sørge for at styret sammensettes og gis de nødvendige styringsrammene for å utøve sitt virke som et profesjonelt organ. Et profesjonelt styre

som collegium består av personer med egnede personlige egenskaper som utfyller hverandre kompetansemessig.

Nr. 10 Valgkomité for styreutnevning i aksjeselskap og interkommunale selskaper

- Ved valg av styre til selskaper organisert etter aksjeloven og lov om interkommunale selskaper bør det vedtektsfestes bruk av valgkomité hvor formålet er å sikre sammensetning av styre med komplementær kompetanse og i tråd med eiers formål med selskapet. Representantskapets/generalforsamlingas leder velger leder av valgkomiteen. I selskap med flere eierkommuner bør valgkomiteen sammensettes for å speile eierandel. Flertallet av valgkomiteen bør være uavhengige av styret og ansatte. Valkomiteens innstilling bør begrunnes. Valgperioden kan vedtektsfestes men allikevel være fleksibel i forhold til eiers behov for kompetanse.

Nr. 11 Rutiner for kompetansevurdering av selskapsstyrene

Eier har ansvar for å sikre at styret besitter den nødvendige kompetansen for å nå selskapets mål, jmf. punkt 9. I dette ligger det også at eier står fritt til å skifte ut styremedlemmer innenfor valgperioden. Men styret selv har også et selvstendig ansvar for å jevnlig vurdere egen kompetanse i forhold til eiernes formål med selskapet, og det er derfor anbefalt en rekke rutiner for å sikre nødvendig kompetanse.

Nr. 12 Styresammensetning i konsernmodell

- Styret i morselskap bør ikke sitte i styret til datterselskap. Konserndirektøren kan være representert i datterselskapenes styre. Dersom datterselskap yter tjenester til morselskap i konkurranse med andre bør det være ledelsesmessig og funksjonelt skille mellom selskapene for å unngå inhabilitet og rolleblanding i anbudsprosesser. Dersom det i konsernet er et datterselskap som yter monopol-tjenester til sine eiere eller innbyggerne i eiers kommuner bør eksterne kandidater ha flertall i datterstyret.

Nr. 13 Oppnevning av vararepresentanter

Der det utpekes vara til styre bør ordningen med numerisk vara benyttes for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.

Nr. 14 Habilitetsvurderinger og politisk representasjon i styrene

Det er opp til hvert enkelt eierorgan (representantskap/generalforsamling) å avgjøre hvilken type kompetanse et styre skal ha. I utgangspunktet anbefales det å unngå situasjoner der styrets medlemmer jevnlig blir vurdert i forhold til forvaltningslovens regler om habilitet og derfor kritisk vurderer bruken av ledende politikere i selskapsstyrene. Det anbefales at styrene etablerer faste rutiner for å håndtere mulige habilitetskonflikter, og at kommunestyret oppretter en valgkomité som innstiller til det organ som skal velge styremedlemmer.

Nr. 15 Kjønnrepresentasjon i styrene

I loven er det nå krav om 40 % kjønnrepresentasjon i styrene for både interkommunale selskap, aksjeselskap og aksjeselskap hvor kommuner og fylkeskommuner har eiermajoritet. Egne rekrutteringsseminar bør iverksettes der det er vanskelig å oppnå lik kjønnrepresentasjon.

Nr. 16 Godtgjøring og registrering av styreverv

Kommunen bør i forbindelse med utarbeidelse og eventuell revidering av eierskapsmelding gjennomføre en prinsipiell diskusjon om honorar som grunnlag for eierorganets fastsetting av styrehonorar, uavhengig av organisasjonsform. Alle som påtar seg styreverv for kommunale selskaper bør registrere vervene på www.styrevervregister.no

Nr. 17 Arbeidsgivertilhørighet i selvstendige rettssubjekter

Det anbefales at selskapene ved utskilling av virksomhet til selvstendige rettssubjekter søker medlemskap i en arbeidsgiverorganisasjon.

Nr. 18 Utarbeidelse av etiske retningslinjer

Det anbefales at eier påser at selskapsstyrene utarbeider og jevnlig reviderer etiske retningslinjer for selskapsdriften.

Nr. 19 Administrasjonssjefens rolle i kommunale og fylkeskommunale foretak.

Administrasjonssjefens rolle som budsjettansvarlig for kommunens samlede økonomiske virksomhet herunder foretakene kombinert med manglende instruksjonsmyndighet overfor daglig leders disponeringer bør være gjenstand for en samhandlingsdiskusjon ved opprettelse av foretak. Administrasjonssjefen, stedfortreder eller andre i ledende administrative posisjoner samt medlem av fylkes- og kommunalråd kan ikkje sitte i styret. I kommuner med parlamentarisme kan ikkje kommune- og fylkesråd sitte i foretaksstyrene. Det samme gjelder administrasjonssjef/stedfortreder. Det anbefales at styrene etablerer faste rutiner for å håndtere mulige habilitetskonflikter